



KVA SKJER I BYGLAND? – September 2019

Bygland har mange arrangementer å by på, både sport, kultur og felleskap, for barn og voksne. Kom og bli med!

ONS 11.09.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl 17:30	Film 1: Askeladden - I Soria Moria slott
		kl 19:30	Film 2: Aretha Franklin
TOR 16.09.	Bygland Mållag; Bgl. folkebibliotek	kl 19	Eventyrframsyninga "Så datt de ned a TODD"
TYS 17.09.	Frivilligsentral	kl 18	Bingo på Bygland
	Frivilligsentral i samarbeide med Statens vegvesen	Tys kl 10-	Oppfriskning Bilfører 65+; påmelding: 815 35 080; www.vegvesen.no/65pluss
ONS 18.09.		Ons kl 14	
TOR 19.09.	Brygga, Bygland	kl 13	Kompetorsdag
	Kommunehus	kl 18	Kommunestyremøte
	Frivilligsentral	kl 18	Strikkecafé
LAU 21.09.	Brannstasjon Byglandsfjord	Kl 10-14	Open brannstasjon; Setesdal brannvesen IKS
MAN 23.09.	Fredheim bedehus; Byglandsfjord	kl 17	Barnekoret på Byglandsfjord
TYS 24.09.	Frivilligsentral	kl 16:30	Bygdemiddag
TOR 26.09.	Frivilligsentral	kl 10	Konsert med Mona Nylin
	Frivilligsentral	kl 18	Strikkecafé

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulans: 113 - Legevakt: 116 117



Byglandsnytt – september 2019

Helsing frå rådmannen

Informasjon er viktig for alle, og «Byglandsnytt» er ein flott tilvekst til kommunen sitt vanlege informasjonsarbeid på heimeside og i sosiale media. Eg vil takke rådet for eldre og funksjonshemma for det gode initiativet. I «Byglandsnytt» vil det vere informasjon om ulike aktivitetar i kommunen, opningstider, vedtak i kommunestyret og andre politiske utval, m.m. Eg vonar at «Byglandsnytt» blir teke godt i mot og at dykk gir oss tilbakemeldingar og sender oss bidrag for å gjere oss enda betre.

Aasmund Lauvdal, rådmann

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf: 37 93 47 00

Byglandsnytt

Byglandsnytt er eit kommunalt informasjonsblad uten reklameinnslag. Første utgåva ber preg av enkel design, men vi jobbar med å forbetre han. Vi informerer òg om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Send info om arrangement til post@bygland.kommune.no innan fristen.

Byglandsnytt kjem ut som fylgjer i 2019:

september, **oktober** (frist 25.09.), **november** (frist 25.10.) og **desember** (frist 25.11.)

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Rådet for eldre og funksjonshemma: 13.09. kl 12:00



Kommunestyret: 19.09 kl. 18:00

Streaming kommunestyremøter: <http://www.ddsetesdal.no/media/bygland.html>

Ver klar over at møteplanen kan bli endra.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulans: 113 - Legevakt: 116 117

Kommunestyreval 2019 – resultat (frammøteprosent: 73,1)



Bygland kommune ønsker innbyggjarane med på å forme den nye kommuneplanen

Vi arbeider nå med å stake ut kursen for Bygland kommune for framtida! Kva for mål skal vi sette oss for dei neste 12 åra og korleis skal vi nå dei?

Kommuneplanen er Bygland kommune sitt overordna styringsdokument. Det er her vi legg føringar for kva retning utviklinga av kommunesamfunnet skal ta. Prioriteringar blir gjort gjennom mål og strategiar i kommuneplanen. Måla blir så spesifisert i tiltaksplanar og budsjett.

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Arealdelen skal følgje opp og konkretisere samfunnsmåla gjennom arealbruken i kommunen. I haust arbeider vi med samfunnsdelen og til våren arbeider vi med arealdelen.

I høve til samfunnsdelen vil vi gjerne høyre kva som er viktig for de som bur, driv næring og ferierer her. Kva for utfordringar og moglegheiter ser vi for kommunen vår? De vil difor i løpet av hausten bli invitert inn til ulike arrangement der de kan kome med innspel til samfunnsdelen. Det vil bli større fellesarrangement og det vil bli mindre samlingar på etablerte møteplassar. Vi vil legge opp til brei medverknad og vil møte dykk på kjente arenaer. I tillegg vil vi invitere dykk til å delta i ei innbyggjarundersøking.

Dette er den rette anledninga for dykk til å påverke den framtidige retninga til kommunen. Følg med i media og bli med på å legge grunnlaget for ei framtidiretta og god utvikling i Bygland kommune.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Arrangementer i september i Setesdal eller omegn av felles interesse:

FRE 13.09. kl 9 – SUN 15.09. kl 18: Seljord – Dyrsku'n Seljord 2019
 LAU 28.09. kl 11-16: Brokke - Haustmarknad

Regelmessige arrangement i Bygland kommune

(unntak ferier + høgtider; høyr med arrangjøren)

Mandager	Pakkhuset, Byglandsfjord	kl 10:30-14:30	Seniorsenter på Byglandsfjord
	Pakkhuset, Byglandsfjord	kl 11-12	Gåtur på dagstid
	Byglandshallen	kl 16:30	Teppebowl
	Årdalshallen	kl 18	Styrketrening (familietrim)
	Årdalshallen	kl 19	Fotball for vaksne
Tysdager	Bygland frivilligsentral	Kl 11-12:45	Praktisk hjelp heime hos deg
	Bygland frivilligsentral	kl 12	Tysdagscafé
	Bygland frivilligsentral	Kl 18-20	Bingo
	Årdalshallen	kl 19	Volleyball (tysdager)
Onsdager	Bygland frivilligsentral	kl 14-18	Utstyrssentral
	Årdalshallen	kl 16:30	Barnetrim
	Årdalshallen	kl 18	Styrketrening (damegruppe)
Torsdager	Byglandshallen	kl 13-18	Aktivitetscafé med styrketrening
	Årdalshallen	kl 19	Volleyball (torsdager)

Bygland Frivilligsentral - kontakttelefon: 945 10 770)

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Bygdekinoen – Onsdag 11.09. på Bygland kulturscene

Film 1, kl 17:30: Askeladden – I Soria Moria slott Omtale

Den originale, norske actionhelten Espen Askeladd er endelig tilbake! Denne gongen står endå meir på spel: Kongen og dronninga er forgifta, hans eigne brør er mistenkt for ugjerningen, og kongeriket er trua av framande sjarlatanar på jakt etter makt og rikdom. Saman med den fryktløse Prinsesse Kristin set han ut på ei farleg ferd på leiting etter det sagnomsuste slottet Soria Moria og kjelda til Vatnet til livet - det einaste som no kan redde kongeriket. Askeladden - I Soria Moria slott er ein spenningsfilm for heile familien, med Vebjørn Enger og Eili Harboe i hovudrollene.



Billettpris: NOK 90,-

Aldersgrense: 9

Film 2, kl 19:30: Amazing Grace

Omtale

Amazing Grace er Sydney Pollacks einestående dokumentasjon av live-innspelinga av Aretha Franklins bestselgende gospel-plate med same namn, frå 1972. Opptaka er gjort i New Temple Missionary Baptist Church i Los Angeles. Den planlagde filmatiseringen vart aldri ferdigstilt – men no, nesten 50 år seinare, blir det gjorde unike historiske materialen endelig tilgjengeleg for publikum.

Billettpris: NOK 110,-

Aldersgrense: alle



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Kva er det gode lokalsamfunnet for godt vaksne i Bygland kommune?

Kva meiner godt vaksne innbyggjarar? Vil du vere med og gi oss på Bygland frivilligsentral dine erfaringar, synspunkt og forslag med ei enkel spørjeundersøking?

- Torsdag 12.09. kl 14-15 på Seniortrimmen i Byglandshallen (Bygland)
- Tysdag 24.09. kl 13-14 på Seniorcaféen på frivilligsentralen (Bygland)
- Måndag 07.10. kl 11:30-12:30 på Seniortreffan på Pakkhuset (Byglandsfjord)
- September/oktober: Samtalar på Byglandsheimen tilpassa bebuarane

Vi håpar mange vil møte fram og vere med på dette!

Bruk av kommunale lokale

Dersom du ønskjer å nytte eit kommunalt møterom eller lokale til eit møte eller eit arrangement, så send ein førespurnad til post@bygland.kommune.no eller ring sentralbordet på tlf. 379 34 700.

Utlån til lag og foreiningar (som alle kan vera medlem av) som er tilhøyrande i Bygland kommune, er gratis for kurs- og møteverksemd. Det same gjeld for andre offentlege instansar eller anna kommunal verksemd.

Utlån til aktivitetar som for eksempel bryllaup, konfirmasjonar, jubileum og kommersielle arrangement gjev ein leigekostnad.

Sjå gebyrregulativet som ligg på heimesida til kommunen, for retningslinjer og leigekostnader.

Har du lyst til å drive Ose turistheim? - Bygland kommune etterspør drivarar til Ose turistheim

Ose turistheim er eit kommunalt eigd kulturhistorisk bygg frå 1909 som er tilrettelagt for serverings- og overnattingsverksemd. Bygland kommune ynskjer å ha drift på Ose turistheim, då spesielt i sommarhalvåret.



Interessantar kan sende ein skriftleg søknad innan 01.10.2019. Det vil vere ein føremøn at forslag/ide til driftskonsept blir noko utdjupa.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Du kan kontakte følgjande for nærmare informasjon / ynskje om synfaring på Ose:

- Rådmann Aasmund Lauvdal: tlf 954 96 178
- Økonomisjef Knut Olav Forgard: tlf 416 68 308
- Leiar Drift og forvaltning Kjell Øyvind Berg: tlf 918 63 403

Bygland kommune vil på grunnlag av innkomne driftsforslag velje aktør/leigeavtale som skal drifte Ose turistheim vidare.

Søknad om spillemidlar til idretts- og kulturanelegg i Aust-Agder 2020

Frist for å søke spillemidlar til idrettsanlegg og kulturarenaer for 2020 er **1. oktober 2019**. Alle søknadar om spillemidlar må bli sendt elektronisk til den kommunen anlegget skal byggast. (NB! Alle søkjarar må vere registrerte i Brønnøysundregisteret.)

Portalen si adresse vil vere: <http://anleggsregisteret.no>

Nettportalen vil bli opna for søkjarar 1. september 2019.

Informasjon om tilskotsordningane er oppdatert på desse sidene:

Idrettsanlegg: <http://www.austagderfk.no/idrettsanlegg>

Kulturarenaer: <http://www.austagderfk.no/kulturarenaer>

Du kan rette spørsmål til: Idrettsrådgiver Nils André Gundersen, mobil: 481 17 438

Gudstenester og møte

Mandag 10.09. kl 19:30 Bønnemøte
Vonheim, Bygland


Torsdag 12.09. kl 14 Andakt på
Byglandsheimen

Sundag 15.09. kl 17 Gudsteneste,
Austad kyrkje, Tveit

Mandag 23.09. kl 19:30 Bønnemøte
Åraksbø Grendehus

Torsdag 26.09. kl 14 Andakt på
Byglandsheimen

Sundag 29.09. kl 11 Gudsteneste, Årdal
kyrkje, Grendi



Kyrkjekontoret på Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472

Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Bygland Frivilligsentral

Bygland Frivilligsentral skal være en lokalt forankra møteplass, open for alle som vil ta del i det som skjer. Bygland frivilligsentral skal være en sentral aktør i lokalmiljøet, og koordinere og legge til rette for frivillig arbeid. Sentralen skal stø opp om og utvikle det frivillige arbeidet.

Kontaktinformasjon:

Tlf: 94510770

post@bygland.frivilligsentral.no

Postadresse:

Sentrum 18, 4745 Bygland



Tilbod

- | | | |
|--------------------|------------------------|------------------------|
| • Bingo | • Gåtur på dagtid | ved, høste frukt /bær, |
| • Besøksvenn | • Lyttevenn | strøying, vask |
| • Bygdemiddag | • Matombringing | • Rickshawsykkel |
| • Evjetur med buss | • Person/varetransport | • Strikkecafé |
| • Følgehjelp | • Praktisk hjelp heime | • Teppebow |
| (doktor/tannlege) | hos deg: plenklypp, | • Utstyrsentral |

Tømekalender i Bygland kommune

Papir og plast: tysdag, 10.09.

Matavfall: torsdag, 12.09. og torsdag 26.09.

Glas/metall: torsdag, 12.09.

Restavfall: torsdag, 26.09.

Gjenvinningsstasjonen på Nesmoen har ope:

2. onsdag i månaden 14:00 – 18:00 og 4. laurdag i måneden 10:00 – 13:00

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

post@smg-iks.no www.smg-iks.no Tlf: 37 93 17 00

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117